



Byggesak

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1132 - 18/14032

Saksbehandlar:

Ketil Mikkelsen

ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

Dato:

02.05.2018

## Mellombels avkøyringsløyve frå Bruvegen til Kvassnesvegen

Saka gjeldt mellombels dispensasjon frå områdeplan Knarvik sentrum for mellombels omlegging av Kvassnesvegen via Bruvegen, og etablering av mellombels avkøyrsløse frå Bruvegen til Kvassnesvegen – Byggesak 18/1083.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Grunna utbetring av Kvassnesvegen som ledd i realiseringa av områdeplan Knarvik Sentrum, er det behov for mellombels avkøyrsløse mellom kv1003, hp01- Bruvegen og kv1023, hp02 - Kvassnesvegen.

#### Vurdering/drøfting:

Nytt kryss og fortau vil bli opparbeid, og mellombels avkøyrsløse vil gi tilkomst til bustader og næringsverksemd i perioden Kvassnesvegen blir ombygd. Det er køyrd sporingsdata for vogntog for kryssløysinga.

Villanger Eigedom AS v/Olaf Villanger har klaga på byggevedtak, då dei meiner at vogntog vil få problem med å køyre gjennom krysset grunna stigning i Kvassnesvegen. Vegavdelinga har etter samtale med Norconsult og synfaring med Olaf Villanger, fredag 27. April 2018, avtalt følgjande:

- *Om det skulle vise seg at vogntog får problem med sving og høgbrekk, skal det være mogleg å nytte eksisterande gang/sykkelveg sør for krysset. Utforming må då være sånn at vanlege personbilar ikkje vel å nytte dette alternativet. Løysing kan være å opne eksisterande bom, eller evt setje opp bom som lar seg opne manuelt og som lukkar seg automatisk etter ei viss tid.*

### Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til mellombels avkøyrsløse med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyyet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkøyrsløse skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkøyrsløse som er fastsett av frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsløse, sikt, svingradius, drenering under avkøyrsløse og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast ved like av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Eksisterande bom for gang- og sykkelveg skal kunne opnast for vogntog, om det viser seg at desse får problem i krysset.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Ketil Mikkelsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Eilin Houlison Molvik

### **Mottakarar:**

Byggesak  
VILLANGER EIENDOM AS

Kvassnesvegen 45 5914

ISDALSTØ